



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1222

7. juli 2017

Statsbudsjettet for 2017 - kap 276 post 70 - brev om tilskott til Hordaland fylkeskommune - tildeling av utviklingsmidlar for fagskoleutdanning til prosjekta Økt kvalitet i undervisning med digital satsing og Testsimulator elkraft

1. Innleiing

På bakgrunn av behandling av statsbudsjettet for 2017 sender Kunnskapsdepartementet med dette brev om tilskott til Hordaland fylkeskommune. Brevet følgjer opp Stortingets budsjettvedtak og føresetnader, samt vilkår og krav som departementet utleier av dette.

Vi viser til utlysing av 15. mars og søknad av 10. mai d.å..

2. Budsjett for 2017

Stortinget har i statsbudsjettet for 2017 gitt midlar "for å styrke arbeidet til fagskolane med kvalitetsutvikling og omstilling av utdanningstilbudet", jf. Innst. 12 S (2016–2017) og Prop. 1 S (2016–2017). Midlane til dette formålet vart lyste ut 15. mars med søknadsfrist 12. mai 2017. Det vart i utlysinga presisert at utviklingsmidlane for 2017 ville bli gitt til prosjekt og tiltak som medverkar til bruk av teknologi for læring i utdanninga, samt til eingongsinvesteringar i utstyr, infrastruktur, simulatorar, laboratorieutstyr og liknande som hjelper til å heve kvaliteten i utdanninga.

I samsvar med utlysinga har søknadene blitt behandla av Kunnskapsdepartementet i samarbeid med Norgesuniversitetet (NUV). I dette arbeidet har NUV brukt sakkunnige med kjennskap til både fagskoleutdanning og bruk av teknologi i utdanninga.

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
www.kd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
872 417 842

Avdeling
Universitets- og
høgskoleavdelinga

Saksbehandlar
Gro Beate Vige
22 24 77 38

3. Budsjettvedtak kap. 276 post 70, Hordaland fylkeskommune

Kunnskapsdepartementet tildeler med dette støtte til to prosjekt ved Fagskolen i Hordaland:

- prosjektet Økt kvalitet i undervisning med digital satsing med **3 971 143 kroner**
- prosjektet Testsimulator elkraft med **3 895 500 kroner**

Tilskottet blir betalt til Hordaland fylkeskommune, bankkonto **5201 06 74239**.

Midlane skal nyttast i samsvar med prosjektbeskrivingane i søknaden av 10. mai 2017.

4. Kontroll

Kunnskapsdepartementet og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane blir brukte etter føresetnadene. I høve til lov om Riksrevisjonen § 12 har Riksrevisjonen rett til å krevje innsyn i opplysingar og dokument frå verksemda. Departementet kan krevje tilskottet heilt eller delvis tilbakebetalt dersom det ikkje blir nytta i samsvar med føresetnadene.

5. Rapportering

Rekneskap og rapport for bruk av midlar som er tildelte i 2017, skal sendast departementet innan **15. mars 2018**. Mottakar av tilskott skal også sende revisorattestert årsrekneskap. Årsrekneskap med tilhøyrande årsrapport skal ligge føre seinast 1. juli året etter prosjektgjennomføringa, dvs. 1. juli 2018. Årsrekneskapen skal bestå av resultatrekneskap, balanse og noteopplysingar. Forvaltinga av tilskottet for prosjektet skal gå fram som ei eige resultateining, der tilskottet går fram som ei eiga linje i resultatrekneskapen eller i note.

I rapporteringa skal det gjerast greie for resultat og måloppnåing for prosjekta. Det skal også stadfestast at midlane er brukte i samsvar med vilkåra for tildeling.

Med helsing

Magnus O. K. Worren (e.f.)
avdelingsdirektør

Gro Beate Vige
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Norgesuniversitetet
Riksrevisjonen